



På 4 dagar i veka kjem 14 elevar innom Pålåtunet, som er eit tilrettelagt skuletilbod under Inn på tunet. Det har nyleg vore ein studietur til dei 4 gardane i kommunen som har dette tilbodet med deltaking av styringsgruppa, potensielle kjøparar og tilbydarar.

Steinar Haugland tok permisjon frå Valenjobben, sin, minka på sauene og laga treverkstad og pauserom i løa.

I høgda over er det ordna til mekanisk arbeid som fiksing av plogar, traktorar og mopedar og byggekostnaden vart 700 000 - 800 000 Steinar er tilsett på ungdomsskulen på Husnes og har ansvar for 2 elevar. Det har også faren Pål og ein assistent.

Kona Cathrine er og ungdomsskulelærer og dei ynskjer begge å arbeide meir på garden, men framtida er noko uviss heiter det i eit referat frå studieturen. Steinar har kontrakt på 3 månader med kommunen.

Det heiter i referatet frå rundturen at dei fekk sjå verkstaden med fine maskinar, ymse treleiker og ein restaurert traktor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen